



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 3

(2004–2005)

Om lov om endring i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. (avgiftsheimel)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 1. oktober 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing og samandrag

Regjeringa gjer framlegg om at det vert gjeve heimel i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. for innkrevjing av ei avgift som dekkjer utgifter styresmaktene får ved å utføre ulike forvaltingsoppgåver innanfor verkeområdet til saltvassfiskelova.

Slik kostnadsdekning er gjennomført på ulike område, og Regjeringa meiner at det innanfor ressursforvaltingsområdet er særleg godt grunnlag for å innføre slike avgifter. Dette fordi fiskerinæringa har fått gratis tilgjenge til å drive næringsverksemd med utgangspunkt i ein fellesressurs.

Fiskeriforvaltinga gjennomfører eit omfattande og kostnadskrevjande arbeid for å sikre at fiskeresursane vert hausta på ein berekraftig måte. Målet med dette arbeidet er å sikre eit best mogleg langtidsutbytte frå fiskerinæringa, til beste for den ein-skilde næringsutøvar, den samla næringa og samfunnet som heilskap. Då er det ikkje urimeleg at næringa sjølv dekkjer ein del av utgiftene ved dette arbeidet.

Ei slik avgift kan krevjast inn utan særlege økonomiske og administrative konsekvensar, dersom ein legg avgifta på førstehandsverdien av omsett fangst og salslaga får i oppgåve å krevje avgifta inn i samband med avrekning av fangstoppger til fiskar. For næringa vil derimot ei ny avgift innebere ein ekstra kostnad.

2 Vurdering og framlegg

Innkrevjing av gebyr og avgift for offentlege tenester og kontrollordningar er i dag gjennomført på ulike område.

Slike ordningar byggjer normalt på det generelle prinsippet at brukarane av offentlege tenester/ytingar også skal betale for dei kostnadane dei påfører samfunnet. Dette prinsippet set grenser for kor stort gebyret eller avgifta kan vere. Som utgangspunkt skal dei ikkje samla overstige kostnadane ved det arbeidet forvaltinga gjer.

Fiskeristyresmaktene krev i dag gebyr for å handsame ein del typar søknader som gjeld fiskefartøy og eit årleg gebyr for å ha eit fartøy registrert i registeret over fiskefartøy. Desse gebyra er knytte til konkrete arbeidsoppgåver som fiskeriforvaltinga utføre – handsaming av søknader og føring/vedlikehald av registeret – med heimel i deltakarlova av 26. mars 1999 nr 15 § 25.

Fiskeressursane er ein fellesressurs som skal kome alle til gode. Men fiskeressursane er avgrensa, og skal forvaltast med sikte på å sikre størst mogleg utbytte innanfor dei fastsette måla for fiskeripolitikken.

Det er i lys av dette vi må sjå det omfattande arbeidet fiskeriforvaltinga legg ned knytt til reguleringa av fisket. Reguleringane handlar om kvotefastsetjing, reglar om bifangst o.l., som skal avgren-

se det kvantumet ein haustar. Dei handlar også om tekniske reguleringar for korleis fisket skal gjennomførast, så som krav til utforming av fiskereiskapar, reglar om stenging av havområde for å verne ungfisk, krav til rapportering av aktivitet eller fangst osv.

All erfaring viser at det trengst kontroll med at slike reglar vert respekterte. Styresmaktene har ansvar for å forvalte ressursane på vegne av fellesskapet, og må gjennomføre kontroll for å sjå til at ingen tek seg til rette når dei haustar av fellesressursen.

I Fiskeri- og kystdepartementet sin budsjettproposisjon for 2005, vert det i eit vedlegg gjort greie for ein del element i kontrollarbeidet. Det vert særleg peika på ein del tiltak som er tenkt sett i verk for ytterlegare å styrke og effektivisere arbeidet med ressurskontroll.

Fiskeriforvaltinga legg alt i alt ned eit omfattande og kostnadskrevjande arbeid for å sikre at haustinga av fiskeressursane skjer på ein berekraftig måte. Budsjettproposisjonen til Fiskeri- og kystdepartementet for 2005 gjer greie for det samla ressursforvaltingsarbeidet og kostnadane ved dette. Målet med dette arbeidet er å sikre eit best mogleg langtidsutbytte frå fiskerinæringa, til beste for den einskilde næringsutøvar, den samla næringa og samfunnet som heilskap.

Når fiskerinæringa har fått gratis tilgjenge til å drive næringsverksemd med utgangspunkt i denne ressursen, meiner Regjeringa det er rimeleg at næringa også dekkjer ein del av samfunnet sine utgifter med å forvalte ressursane. Det er særleg nærliggande å peike på det omfattande arbeidet med bestandskartlegging og – overvaking, kvoteforhandlingar med andre land og arbeidet med fordeling av den nasjonale kvoten og fastsetjing av kvotar for dei einskilde fartøya. Dette arbeidet er heilt naudsynt for å kunne gjennomføre eit forsvarleg og berekraftig fiske, og det kjem heile næringa til gode. Arbeidet som ligg til grunn for den årlege tildelinga av kvotar, er direkte avgjerande for kvar einskild si næringsverksemd og økonomiske gevinst både på kort og lang sikt.

Det fell også naturleg å peike på at dei utgiftene samfunnet har til kontroll med fiskeriaktiviteten, i alle fall delvis bør dekkast av næringa. Det er handlingar frå næringsaktørane sjølve som har utløyst desse kontrollutgiftene og kontrollarbeidet er naudsynt for å sikre at haustinga skjer korrekt i høve til dei reglane som gjeld, særleg for uttaksavgrensingar.

Det kan nemnast at det er andre land som alle- reie har innført slik heil eller delvis kostnadsdekning. Dette gjeld til dømes New Zealand, medan Namibia har innført ei ressursrente som dekkjer alle forvaltningsutgifter.

På denne bakgrunn vert det gjort framlegg om ein heimel i saltvassfiskeleva for å pålegge ei avgift for oppgåver som offentlege styresmakter utføre innanfor verkeområdet for saltvassfiskeleva.

3 Nærare om lovframlegget

Framlegget til ny § 46 i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. inneber ein heimel til gjennom forskrift å fastsetje ei avgift for oppgåver som offentlege styresmakter utfører innanfor verkeområdet til saltvassfiskeleva.

Det kan vere ei generell avgift eller avgifter som i større grad har karakter av dekning av tenester når den einskilde spør etter den aktuelle tenesta. Dette må det takast stilling til i konkrete forskriftsframlegg.

Generelle avgifter kan til dømes dreie seg om ei kvote- eller ei kontrollavgift, som vert kravd inn som ein prosentsats av førstehandsverdien av fisk som vert landa og omsett etter reglane i råfisklova. Avgift for slike offentlege tenester kan vanskeleg krevjast inn i samband med einskildhendingar, men bør spreiaast uavhengig av dette, fordi heile næringa har ei langsiktig interesse i – og fordel av – dei tiltaka som styresmaktene set i verk. Det same gjeld eventuelle avgifter for å dekke andre aktivitetar knytt til ressursforvaltinga.

Ei slik avgift må kunne differensierast for ulike fartøygrupper, jf. *første ledd siste punktum* i lovframlegget. Det heng blant anna saman med at samfunnet sine kontrollutgifter varierer for ulike fartøygrupper, avhengig av aktivitetsnivået til fartøya og kva kontrollproblemstillingar som oppstår i høve til den aktuelle gruppa med utgangspunkt i ulikt fiskemønster, reiskapsbruk og leveringsmønster. Vidare kan det visast til at gruppene også har ulike kvotepartar, og dermed i ulik grad nyt godt av det samla arbeidet i samband med bestandsovervaking og kvotefastsetting for ulike fiskeslag.

Ei slik avgift kan krevjast inn på ein oversiktleg og kostnadseffektiv måte av salslaga, på same måte som salslaga krev inn ein del andre avgifter ved avrekning av fangstoppgjær til fiskar. Av offentlege avgifter gjelder dette til dømes produktavgifta.

Denne metoden inneber at det ikkje vert kravd avgift for dei få fiskeslaga som ikkje er omfatta av salslagsmonopolet, men som likevel vert fiska kommersielt. Regjeringa legg til grunn at dette utgjer ein så liten del av den totale fiskeriaktiviteten og av totalomsetninga at det ikkje er grunnlag for å etablere eigne innkrevjingsordningar i slike tilfelle.

Motsett vil utanlandske fartøy som landar og sel

fangst i Noreg, vere omfatta av salslagsmonopolet og dermed av ei slik avgift. Regjeringa ser ingen motførestillingar til dette, fordi slike utanlandske landingar som regel er eit resultat av fangst i norske område og i alle høve vil vere underlagd norsk kontroll i samband med landinga. Fangsten har såleis også i desse tilfella medført forvaltingsoppgåver.

I samsvar med lovframlegget vil departementet kunne gje nærare reglar om omfanget av avgifta, kven som pliktar å svare avgift, om korleis avgifta skal krevjast inn og om opplysningsplikter.

Framlegget har ikkje vore på allmenn høyring. Når det skal fastsetjast forskrifter med heimel i den nye lovregelen, vil dei verte handsama på vanleg måte innanfor forvaltningslova sine føresegner.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei økonomiske og administrative kostnadane ved ei slik avgift vil vere avhengig av korleis avgifta skal bereknast og krevjast inn.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak til lov om endring i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. (avgiftsheimel) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Ei avgift fastsett til ein viss prosent av førstehandsverdien av omsett fangst og kravd inn av salslaga ved avrekning av fangstoppger til fiskar, vil vere svært kostnadseffektiv fordi ein kan nytte alle-reie etablerte rutinar og system. Salslaga krev i dag inn andre avgifter, og vidare sender desse til ulike mottakarar. Dersom ein vel ein slik innkrevjingsmåte, trengst det ikkje nye administrative rutinar eller ressursar hos salslaga eller i fiskeriforvaltinga.

Salslaga vil i tilfelle få høve til å dekkje dei ekstra utgiftene som måtte kome, av avgiftsmidlane.

For næringa vil ei slik avgift bli ein ny kostnad.

Fiskeri- og kystdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. (avgiftsheimel).

Forslag

til lov om endring i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. (avgiftsheimel)

I

I lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske mv. skal ny § 46 lyde:

§ 46 Avgift

Departementet kan gi forskrift om avgift for oppgaver som utføres av offentlige myndigheter innenfor virkeområdet for denne lov, herunder nærmere bestemmelser om plikten til å svare avgift, innkreving

av avgift og om opplysningsplikt for den som leverer og mottar fangst når dette er bestemmende for avgiftspliktens omfang. Avgiften kan differensieres for ulike fartøygrupper.

Skyldig avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.

II

Lova trer i kraft 1. januar 2005.